

Program



- Kl. 08.00 Salutt og flaggheising
- Kl. 09.00 Kransnedlegging ved bautaeen på Kvalheim, 20 års jubileum.
Tale ved ordførar Jon Askeland.
Musikk ved musikantar frå Hordabø skulemusikklag og Manger Old Star Brass.
- Kl. 10.00 Festgudsteneste i Manger kyrkje.
Prest Hans Kenneth Sundsbø
- Kl. 11.00 Kransnedlegging ved bautaeen. Appell ved ordførar Jon Askeland
Manger skulemusikklag spelar. Song: «Gud signe Noregs land»
- Kl. 11.15 **OBS! NY TOGOPPSTILLING!**
Oppstilling til barne- og folketog ved rådhuset. Manger skulemusikklag med aspirantar spelar.
Ved Velferdssenteret vert det appell ved Sara Hamre Sekkingstad
Song: «Mellom bakkar og berg»
- Kl. 12.15 Samling i Radøyhallen
NB! Dørene opnar først når toget kjem til hallen
Kafeteria, leikar i Grønålen (vêravhengig), loddsal, etc
- Kl. 13.30 Underholdning ved Radøy Kultur- og musikkskule
- Kl. 14.00 Fotballkamp i Grønålen mellom 7. klasse og foreldra til 7. klasse.
- Kl. 14.30 Innslag ved Manger skulemusikklag. Dirigent Thorgeir Thunestvedt.
Felles song før talen: «Fagert er landet».
Tale for dagen ved Elsa Jordal
Song: «Ja, vi elsker».
- Kl. 15.00 Me avsluttar.

Ved Radøyhallen kjøper ein bonger som ein nyttar ved leikene. Ein kan betale mat og drikke kontant, vipps eller bonger. VIPPSNR : 107290

17. Mai 2019

Manger



Gud signe Noregs land

1. Gud signe Noregs land,
kvar heim kvar dal og strand,
kvar lund og lid!
Han lat det aldri døy,
han verje bygd og øy,
han verje mann og møy
til evig tid.

2. Me fekk det høgt og fritt,
me fekk det vent og vidt,
med hav og fjell.
Det stend so trygt og godt,
det stend so reint og blått,
rett som eit gudeslott
med solskinstjeld.

3. Her ligg dei, grav i grav,
frå hei og ned i hav,
som stridde so.
Gud sign kvar ærleg svein
som søv der under stein
Gud sign dei kvar og ein,
der dei er no.

4. I kjærleik varm og mild
me legg vår vilje til,
då veks det fram.
Då fær det bløma blidt,
då fær det spørjast vidt,
og alltid standa fritt
for naud og skam.

Mellom bakkar og berg

Mellom bakkar og berg ut med have
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus opp på deim.

Frampå vetteren stundom han tenk
Gjev eg var i eit varmare land.
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.


Og når liane grønkar som hagar;
når det lavar av blommar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå.



Fagert er landet

Fagert er landet du oss gav,
Herre, vår gud og vår Fader!
Fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader,
signa vårt land i nord og sud,
soleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.

Signa då, Gud, vårt folk og land,
signa vår strev og vår møde,
signa kva ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøde!
Gud, utan deg den vesle urt,
veiknar og visnar, bleiknar bort,
ver du oss ljose og livet.



Ja, vi elsker dette landet

1. Ja, vi elsker dette landet,
som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet,
med de tusen hjem.
Elsker, elsker det og tenker
på vår far og mor
og den saganatt som senker
drømme på vår jord.

3. Ja, vi elsker dette landet,
som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet,
med de tusen hjem.
Og som fedres kamp har hevet
det av nød til seir,
også vi, når det blir krevet,
For dets fred slår leir.

2. Norske mann i hus og hytte,
takk din store Gud!
Landet ville han beskytte,
skjønt det mørkt så ut.
Alt hva fedrene har kjempet,
mødrene har grett,
har den Herre stille lempet,
Så vi vant vår rett.

